

## Føredragshaldar Markus Solberg

Som 16-åring starta han si første bedrift, Solberg Autospa AS. Bedrifta eksisterer fortsatt i dag under nytt navn som hans holdingselskap. Denne bedrifta er grunnlaget for dei andre investeringane og prosjekta han deltek i. Etter ca seks veker på vidaregåande skule valde Markus å forlate skulebenken for å prioritere noko som gav han energi – nettopp bedrifta si. Den gongen gjorde han alt frå produksjon og sal til kontorarbeid. I dag er Markus medeigar og jobbar som salsleiar hjå Autohuset Sogn AS saman med 10 dyktige medarbeidarar. I tillegg til dette er han engasjert i fleire ulike prosjekt med stort bransjesprik. Sogn har eit rikt næringsliv og dette må me utnytte, slår han fast. Under Norgeslansering av Porsche Macan tilbake i 2013 hugsar Markus at pressa brukte slagordet «For å bli best, må du tørre å velge annleis!» Sidan den gong har denne ideen vore fundament for fleire av Markus sine avgjerster.



@Porsen



Stisykling på Kaupanger  
©Eric Sadorge, Sogn Cykleklubb

Samarbeidspartar:



Sogn kommunalt oppgåvefelleskap er eigd av dei seks kommunane i Sogn: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Saman skal me fremje og vidareutvikle tenestesamarbeid i regionen vår. Entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn, gjennom prosjektet «System for styrka læring», bidreg til dette. Messa i Sogndal er den 16. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, System for styrka læring og årets vertskommune arrangerer for ungdomsskulane i Sogn.



Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

Ei stor takk til våre sponsorar!

gasta.no  
Framsidedfoto: Balestrand Badeklubb Festival ©Terje Arntsen



Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

# Initiativ Skaparlyst Kreativitet

VELKOMMEN TIL  
ENTREPRENØRSKAPSMESSE!

Fosshaugane Campus  
Fleirbrukshall i Sogndal  
8.april 2025 frå kl 10:00 til 14:30



# Velkommen til entreprenørskapsmessa i Sogndal

Det er stor stas å kunna ynskja så mange ungdommar i sin beste alder velkomne til Sogndal og til den 16. entreprenørskapsmessa den 8. april! Denne dagen vert hallen fylt av engasjerte ungdommar frå Sogndal, Vik, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland. Nokre for å vise fram sine elevbedrifter, andre er kanskje på leit etter idéar til eit framtidig yrke. Ungdommane får moglegheita til å treffast på tvers av kommunegrensene, sjå verdien av faga på skulen og bruke dei på nye måtar.

Sogndal er ein spennande kommune med sterk folkevekst. Kommunen har eit variert næringsliv, frå kunstbygda Balestrand med sine flotte hotell, byråkratbygda Leikanger med vekst både i offentleg forvaltning og i druerankar, Sogndal med blant anna Fjellsportfestivalen, stort sett fantastisk laussnø og produsent av saft, syltetøy og fotballspelarar. I kommunen er det mange moglegheiter, men det er absolutt plass til fleire! Det er her me treng dykk ungdommar, med dykkar uredde og kreative måtar å sjå nye moglegheiter på.

Me gler oss til å sjå og høyre om framtidens løysingar frå nysgjerrige ungdommar og kreative elevbedrifter, og kanskje får du inspirasjon til å realisere gründerpiren i deg?

Er du klar for ein dag full av kreativitet og spennande idéar? Det er eg! Håpar de får ein minnerik og motiverande dag i Sogndal. Hjarteleg velkomne og lukke til!

*Stig Ove Ølmheim*  
Ordførar Sogndal kommune

Konferansierane: Emilie Fossberg og Oline Næss Prøven frå Leikanger ungdomsskule. Håvard Hjelmeland og Liva Viktoria Tufte Førde frå Kaupanger skule (bilde).



Ordførar Stig Ove Ølmheim



Jostedalsskogen  
nasjonalpark

## Program

- Kl. 09.30 – 10.00 Rigging/ klargjering av elevbedriftene
- Kl. 10.00 – 10.30 Opningsarrangement
- Kl. 10.30 – 13.50 Besøk på stand, plenumsforedrag og besøk til lokale bedrifter
- Kl. 13.50 – 14.30 Avslutningsarrangement med premieutdeling

Kjeringi Open på Leikanger

©Ottjan Talle

